



Forsamlingshuset Vonheim med renoverert kjellar, toalett og kjøkken

Kvinnherad kommune v/ Haugland skulemuseum har skrive avtale med styret for Vonheim om å få bruka kjellaren med toalett og kjøkken. Det manglar toalett og innlagd vatn på skulemuseet, noko ein må ha tilgang til for skuleklassar, barnehagegrupper og andre grupper og gjester på tunet.

Kommunen hadde slik avtale, men anlegget har vore ute av bruk nokre år. No er kjellar, toaletta og kjøkkenet oppussa. Dermed er alt klart for ny bruk.

Ein oversikt syner at Haugland skulemuseum vert brukt årleg av om lag 10 ulike grupper. Meir kan det bli når ein no har tilgang til toalett, kjøkken og ein oppvarma kjellar.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Lars Wang og Ola Matti Mathisen

Nett: Thor Inge Døssland



Vonheim har ikkje lenger ein krans av skog rundt seg